



ÅRSPLAN FOR KVITSEID BARNEHAGE

2019/2020

Innhold

Føremålet med barnehagen.....	2
Leik, omsorg, danning og læring	2
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	3
Om oss.....	4
Fagområde og progresjon	5
Kommunikasjon, språk og tekst	5
Kunst, kultur og kreativitet.....	6
Kropp, rørsle, mat og helse	8
Mengd, rom og form	9
Natur, miljø og teknologi.....	10
Etikk, religion og filosofi.	12
Nærmiljø og samfunn.....	12
Kartlegging.....	13
Dokumentasjon	14
Barns medverknad.....	15
Felles satsingsområde for barnehagane	15
Inkluderande barnehagemiljø	15
Språk.....	15
Pedagogisk bruk av IKT	16
Trafikksikker kommune	16
Fokusområder for barnehageåret 2019/2020	17
Mat og måltider.....	20
Samarbeid mellom heim og barnehage	20
Tverrfagleg samarbeid.....	21
Overgangar	21
Tilvenning i barnehagen	21
Overgang mellom avdelingar	22
Overgang barnehage - skule.....	22
Tradisjonar og høgtider :	23
Barnehageruta for 2019/2020.....	24
Kontaktinformasjon.....	24

Alle Illustrasjonsfoto: Colourbox

Føremålet med barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng.

Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

Kjelde: Rammeplanen 2017 (R17):19



Leik, omsorg, danning og læring

Leik

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og den skal vere ein arena for utvikling og læring og sosial og språkleg samhandling.

Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne.

Kjelde: R17:20

Omsorg

I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit både til seg sjølve og andre. Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar.

Kjelde: R17:19

Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratisk fellesskap. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald.

Kjelde: R17:21

Læring

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast og stimulerast. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.

Kjelde: R17:22

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for ein allsidig utvikling. Å møte kvart individ sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald, og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Kjelde: R17:7



Om oss

Kviteseid barnehage er ein barnehage med 59 plassar for barn i alderen 1-6 år.

Barnehagen er no dela inn i 2 avdelingar Fivrell for dei minste 1-2 år, og Svintøks for dei eldre 3-6 år. På Svintøks er gruppa dela i to Rådyr og Elg.

Kviteseid barnehage blei opna hausten 1976 etter initiativ frå foreldre.

Soknerådet dreiv barnehagen i tida 1976 - 1987. Då tok kommunen over drifta.

Frå 1976 -1995 heldt barnehagen til i lokala etter Haukom skule.

1. august 1995 flytte barnehagen til det gamle PPD-bygget som no er lokala til barnehagen. Sommaren 2016 blei uteområdet oppgradera. 1. – 4. klasse på Kviteseid skule held til i underetasjen av bygget.

Rekrutteringsområdet for Kviteseid barnehage er heile Kviteseid kommune, men dei fleste barna kjem frå sentrumsområdet.

Korleis vi praktiserer dette, vil de få informasjon om når barnet byrjar i barnehagen.



Fagområde og progresjon

Kommunikasjon, språk og tekst

Rammeplanen seier at gjennom arbeidet med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga og språkkompetansen. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

Alder	Kva skal barna oppleve i barnehagen?	Korleis skal personale arbeide?
1-2 år	- Leik med lyd, songar, rim og regler - Bli lest for av vaksne (bildebøkar og pekebøkar). - Bli kjent med enkle forteljingar ved hjelp av konkretar, rørsle og bilde. - Gode samspilssituasjonar mellom barn og vaksne, f. eks ved måltidet, stell og påkledning. - Få hjelp til å sette ord på hendingar, kjensler og gjenstandar. - Lære seg å peke ut daglegdagse gjenstandar og følgje enkle instruksjonar. - Bruke enkle ord (1 år) og setningar (her og nå – samtalar) (2 år).	- Dele barna inn i små grupper og skape rom for ein til ein kontakt med kvart enkelt barn. - Vera til stades der barna er, sita på golvet med dei - Gjenta ord rektig, bekrefte og benevne - Ha materiale tilgjengleg på avdelinga, slik som bøkar, songar med bilde og instrument. - Vera engasjerte og aktivt deltakande i barnas leik og interesser.
3-4 år	- Leik med lyd, songar, rim og regler. - Bli lese for av vaksne (bøkar med meir tekst og mindre bilde). - Lyttetrening. - Øve seg på turtaking og dialog over lengre tid. Der og då – samtalar. - Bruke spel som stimulerer språket. - Utvikle samspel med andre barn og bevisstgjerings på bruk av språket i konfliktsituasjonar. - Kunne sortere ting i kategoriar og forstå uttrykk som inneheld preposisjonar.	- Fortelje eventyr både med og utan konkretar. - Legge til rette for samtaler mellom vaksne – barn. Etter kvart ha fokus på samtaler som inneheld omgrep for tid, stad og rom. - Oppmode til rolleleik. - Lese høgt for barna og la dei lytte til lydbøkar. - Ha materiale som spel, bøkar, songar med bilde og instrument tilgjengeleg på avdelinga.

5 år (førskulebarn)	- Bli kjent med gåter og vitsar. - Kunne rime på eiga hand. - Bruke spel som stimulerar språket. - Bli kjent med bokstavar og lydar, lytte ut fyrste lyd i ord. - Lære seg å skrive namnet sitt. - Vise interesse for leikeskriving og leikelesing. - Bli lest høgt for av vaksne, kunne lytte til ei forteljing og attfortelje delar av den - Kunne fortelje noko om kva ein ting er.	- Vera engasjera og motivere til leik, bruk av gåter, vitsar, rim og regler. - Spela saman med barna. - Lage eigne forteljingar saman med barna. - Sørge for at bokstavar og tal er tilgjengelege på avdelinga og støtte barnas interesse for leikeskriving. - Legge til rette for meir avansert rollelek, slik som dramatisering av eventyr og forteljingar. - Førskulegruppe kvar veke med skuleførebuande oppgåver.
--------------------------------	---	---

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen har ei rolle som kulturformidlar, og det å skape noko felles. Felles kulturelle opplevingar bidreg til samkjensle. Barn skaper sin eigen kultur gjennom eigne opplevingar. Gjennom erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barna høve til sansing, oppleving, eksperimentering og skapande verksemd, tenking og kommunikasjon.

Fagområdet inneheld bildekunst, kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, arkitektur og design.

Alder	Kva skal barna oppleve i barnehagen?	Korleis skal personale arbeide?
1-2 år	- Bli kjent med ulike formingsmaterieell (t.d ark, måling, målepensel, lim, saks, fargeblyant, kitt) - Utforske og vera kreativ ved bruk av egen kropp (t.d fingermåling, hand/fot avtrykk, måle i bleia) - Kjente barnesongar og barnemusikk - Enkle eventyr og forteljingar som stimulerer fantasien	- Sørge for at formingsmateriale alltid er tilgjengeleg på avdelinga - Vera kreative saman med barna og ta initiativ til aktivitet som fremmer utforskarglede - Syngje og danse saman med barna - Bruke snakkepakken med enkle eventyr som «Bukkane bruse» og «Gullhår»

	(variasjon i stemmebruken, bruk av konkretar og bilde) - Vera kreative i leiken - Delta på karneval og underhaldninga på sommarfesten	- Delta aktivt i barns leik og introdusere dei for utkledning og enkel rolleleik
3-4 år	- Bli kjent med meir variera formingsmateriale (f. eks perler, silkepapir, tusjar, trolldøg)) - Lage utstilling - Song og musikk, utvide songreportoaret - Bli kjent med fleire eventyr og forteljingar som stimulerer fantasien (variasjon i stemmebruk og bruk av konkretar) - Vera kreative i leiken og bli kjent med enkel dramatisering - Delta på karneval og besøk frå Rikskonsertane - Delta på underhaldninga på sommarfesten - Besøkje biblioteket	- Sørgje for at formingsmateriale alltid er tilgjengeleg på avdelinga - Bruke song som ein naturleg del av kvardagen til barna og introdusere dei for songar med lengre tekst - Bruke snakkepakke med meir avanserte eventyr som «Geitekillingen som kunne telle til 10» og «Skinsvovlen» - Sørgje for at utkledningsmateriale alltid er tilgjengeleg på avdelinga og leggje til rette for enkel dramatisering
5 år (førskulebarn)	- Vera kreative ved å bruke formingsmateriell dei har blitt kjent med - Bli kjent med lokale kunstnare - Lage utstilling - Dramatisering av eventyr / forteljingar - Lage enkle kostymer til karneval - Delta på karneval og besøk frå rikskonsertane - Delta på underhaldninga på sommarfesten i juni - Besøkje biblioteket - Besøkje Kviteseidmarken, bygdetunet og «MS Victoria»	- Sørgje for at formingsmateriale alltid er tilgjengeleg på avdelinga - Leggje til rette for at barna kan fantasere og dramatisere ved å alltid ha utkledningsmateriale tilgjengeleg på avdelinga - Vera kreative saman med barna - La dei få leike med snakkepakke på eiga hand - Fortelje barna om historia til Kviteseidmarken, bygdetunet og «MS Victoria» - Forhøyre seg om moglegheita for å treffe lokale kunstnare

Kropp, rørsle, mat og helse

I løpet av småbarnsalderen får barna grunnleggjande motoriske ferdigheter, kroppskontroll, fysiske eigenskaper og vanar. Gjennom kroppslege aktivitetar lærer barna verda og seg sjølve å kjenne. Barn startar ofte med kroppslege signal og aktivitetar når dei skal ta kontakt med andre barn. Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Alder	Kva skal barna oppleve i barnehagen?	Korleis skal personale arbeide?
1-2 år	- Bli bevisst på eigen kropp - Øve på å namngje nokre kroppsdelar - Øve på å drikke og eta sjølv - Smake på forskjellig mat - Vaske hender før måltid - Utfolde seg grovmotorisk i leik både inne og ute - Få utforske barnehagens uteområde og gå på korte turar i nærmiljøet	- Bruke songar og regler med bevegelsar - Tilpasse det fysiske miljøet så det er god plass til tumleleik - Bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile - Utforske og undre seg saman med barna
3-4 år	- Øve på å bli sjølvstendig ved do-besøk, handvask, av og påkledning - Forståing for eigen kropp og for at alle er ulike - Øve på å smøre maten sin sjølv og delta i matlaging - Sunt og variert kosthold - Fokus på hygiene - Gå på turar i nærmiljøet og få utfolde seg motorisk i skog og variert terreng - Trivsel, glede og meistring ved å vera ute året rundt - Finmotoriske aktivitetar som å klyppe, perle, teikne og pusle	- Utfordre, veilede og støtte barna med å bli sjølvstendige - Dei vaksne skal vera til stades og gje rom for at barna kan prøve seg fram på eiga hand - Vera gode forbilde i forhold til hygiene og sunt kosthald - Gje barna tilgang til variera og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne - Bidra til at måltida blir ein arena for glede, samtaler og fellesskapskjensle - Legge til rette for finmotorisk trening ved å ha materiale tilgjengeleg på avdelinga
5 år (førskulebarn)	- Å vera sjølvstendige og klare seg sjølv ved do-besøk, handvask, av og påkledning og ved matbordet - Sunt og variera kosthald - Delta i matlaging	- Støtte og oppmuntre barna til å vera sjølvstendige - Vera gode forbilde i forhold til hygiene og sunt kosthald - Gje barna tilgang til variert og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne

	- Bli trygg på eigen kropp og bli kjent med sine egne kjensler. - Forståing for at alle er ulike og at ein må akseptere andre sine grenser - Gå på lengre turar i skogen / fjellet - Trivsel, glede og meistring ved å vera ute året rundt - Finmotoriske aktiviteter	- Bidra til at måltida blir ein arena for glede, samtaler og fellesskapskjensle - Legge til rette for finmotorisk trening ved å ha materiale tilgjengeleg på avdelinga
--	---	---

Mengd, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, og dei utforskar rom og form. Gjennom lek, eksperimentering og aktivitetar utviklar dei den matematiske kompetansen sin.

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera nysgjerrige og leggje til rette for tidleg og god stimulering.

Alder	Kva skal barna oppleve i barnehagen?	Korleis skal personale arbeide?
1-2 år	- Bli kjent med enkle plasseringsord som framfor, bak, under, over, opp og ned - Teljeremse 1-5 - Grunnleggande erfaring med sortering ved å rydde leiker på avdeling - Pusle enkle puslespel - Begynne å snakke om likskap / ulikskap som stor/liten og lang/kort	- Bruke song, rim og regler med matematisk innhald - Lese bøkar med matematisk innhald - Vera aktiv deltakar i lek og bruke matematiske omgrep - Undre seg saman med barna
3-4 år	- Bli kjent med plasseringsord som i mellom, inni, oppå, ved sida av - Teljeremse 1-10 og peketeljing - Få erfaring med å sortere i enkle kategoriar som fargar, mat, dyr og køyretøy - Spele matematiske spel som f. eks lotto, ludo og colorama - Konstruksjonsleik som klossar og lego - Forstå parkobling mellom talord og objekt (en bamse, to bilar) - Bli kjent med former og mønster - Formingsaktivitetar som å teikne, fargelegge, perle - Bli kjent med mengd 1-5 (det er forskjell på ein og mange)	- Bruke song, rim og regler med matematisk innhald - Lese bøkar og fortelje eventyr med matematisk innhald - Legge til rette for barna ved å ha formingsmateriale og anna matematisk verktøy tilgjengelig på avdelinga - Bruke matematiske omgrep - Legge til rette for matematisk utvikling og læring gjennom lek

5 år (førskulebarn)	- Aktivt bruke dei matematiske omgrepa dei har fått kjennskap til - Kunne oppfatte antal gjenstandar opp til 3 utan å måtte telje - Spele matematiske spel som hatt over hatt, yatzy, uno, kortspel - Sortere i kategoriar og underkategoriar f. eks: mat → frukt, grønnsakar, pålegg osv. - Kjenne igjen og lage egne former og mønster - Bli kjent med mengd 1-10 - Få erfaring med ulike type målingar og målereiskap som lengde, vekt og tid - Logisk tenking - få erfaring med å løyse matematiske problem	- Bruke song, rim og regle med matematisk innhald - Lese bøkar og fortelje eventyr med matematisk innhald - Legge til rette for barna ved å ha formingsmateriale og anna matematisk verktøy tilgjengeleg på avdelinga - Bruke matematiske omgrep - Legge til rette for matematisk utvikling og læring gjennom lek - Stimulere og støtte barnas evne til problemløysning
--------------------------------	--	--

Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Det skal leggjast til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhørsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

Alder	Kva skal barna oppleve i barnehagen?	Korleis skal personale arbeide?
1-2 år	- Bli kjent med husdyr - Erfaring med å vera ute i all slags vær - Erfaringar og opplevingar med å vera ute i alle årstider - Kjennskap til element som vatn, jord og luft - Få kjennskap til ulike maskinar som traktor og gravmaskin	- Bruke bilde, konkretar og songar som handlar om husdyr saman med barna - Ta med barna ut og la de utforske de ulike årstidene - Introdusere barna for ulike type lek med vatn - Utforske og undre seg saman med barna
3-4 år	- Bli kjent med småkryp og dyr som lever i skogen - Bli kjent med namn på nokon type blommar, planter og tre som vi finn ute i naturen	- Bruke bilde, konkretar og bøkar - Vera gode forbilde når vi ferdas i naturen

	- Oppleve glede ved å vera ute i naturen i all slags vær - Få erfaring med kva som skjer i naturen til de ulike årstidene - Leike med og lære om ulike maskiner som traktor, dumper, gravmaskin og hjullastar - Dei skal få erfaring med at naturen er ein viktig arena for leik - Enkle eksperiment - Bli kjent med kor maten vi et kjem i frå	- Vera engasjerte og støttande i barnas leik i naturen - Undre seg saman med barna over forandringane som skjer i naturen til dei ulike årstidene - Vise ulike eksperiment og undre seg over det som skjer saman med barna - Gje barna grunnleggjande kunnskap om matproduksjon
5 år (førskulebarn)	- Få erfaring med at naturen er ein viktig arena for leik og læring - Bli kjent med namn på nokon type blomar, planter og trær som vi finn ute i naturen - Oppleve glede ved å vera ute i naturen i all slags vær - Lære meir om matproduksjon - Lage konstruksjonar av ulikt materiale og med ulikt verktøy (hamar og spiker, spikke, sage etc.) - Lære om ulike naturfenomen - Eksperiment	- Leggje til rette for utforsking og leik i naturen til alle årstider - Bruke naturen som arena for førskulearbeid etc. - Vise ulike eksperiment og undre seg over det som skjer saman med barna - Vera støttande om barnas spørsmål og nysgjerrigheit - Legge til rette for gode læringssituasjonar



Etikk, religion og filosofi.

Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i menneskerettane. Religion og livssyn legg grunnlag for etiske normer. Barnehagen skal respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa. Samstundes skal vi ta vare på verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Barna skal få oppleve at dei grunnleggjande spørsmåla er viktige, og dei skal bli tatt på alvor når dei lurar på noko i høve til desse spørsmåla.

I Kviteseid barnehage vil personalet arbeide for:

- Formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema
- Bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrse.
- Gje barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen



Nærmiljø og samfunn.

At barna får vera med å påverke livet i barnehagen, kan vera det fyrste steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn.

Barnehagen skal leggje vekt på å gje barna kunnskap om og tilknyting til lokalsamfunnet, naturen, kunst, kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levestett. Barna skal få høve til å utforske og oppdage nærmiljøet sitt, og bli oppmoda til å møte verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit.

I Kviteseid barnehage vil personalet arbeide for:

- Sørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre
- Introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrslø og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt
- Gjere barna kjende med samisk kultur og levestett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar



Kartlegging

Barnehagane i Kviteseid brukar eit skjema for kartlegging som heiter TRAS. Dette er eit skjema for Tidleg registrering Av Språkutvikling, som registrerer barnets ferdigheitar når det gjeld:

- Samspel, kommunikasjon og merksemd

- Språkforståing og språkleg medvit
- Uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon.

Alle førskulebarn får tilbod om kartlegging ved hjelp av eit program som heiter KoPs, Kognitiv Profil-system. Hjelpemiddelet skal brukast til å kartleggje kva føresetnader barnet har i 5- års alder til å lære å lese og skrive. Oppgåvene er laga som ulike dataspel tilpassa aldersgruppa som barnet er i. Denne kartlegginga er det spesialpedagogen som har ansvaret for å utføre. Den er frivillig og foreldra må gje samtykke til gjennomføring.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagens myndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Kjelde: R17:39

I Kviteseid barnehage arbeider vi med dokumentasjon t.d. gjennom observasjonar, praksisforteljingar, og foto med tekst. Vi brukar læringsbrettet og digital tavle til bilete og filmar saman med borna. Kontinuerlege refleksjonar og vurdering av det pedagogiske arbeidet gjennom dokumentasjon skjer på avdelingsmøter, pedagogmøter, personalmøter, planleggingsdagar og gjennom samtaler og tilbakemeldingar frå foreldre og barn. Resultatet av denne prosessen blir deretter grunnlag for ny planlegging. Etter kvar månad blir det gjeve ut månadsbrev der fagområda blir evaluera.



Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §§1 og 3.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Barns rett til medverknad krev kompetente vaksne som har gode kunnskapar om og respekt for born, vaksne som har tid og rom for å lytte og samtale. Deira medverknad skal integrerast i barnehagens innhald, - det vil sei også i barnehagens planlegging.



Felles satsingsområde for barnehagane

Inkluderande barnehagemiljø

Barnehagane deltek i pulje tre av den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Hovudmålsetinga er at barnehagane skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring. Vi jobbar med kompetanseheving i personalet knytt til anerkjennande kommunikasjon, vaksenrolla og systematisk kartlegging av barnehagemiljøet. På heimesida til kommunen finn du planen for satsinga. Der kan du lese meir om dette.

Språk

Barnehagane i Kviteseid kommune har gjennom fleire år jobba med språk som satsingsområde. Vi har jobba med «Språkløyper» som er kompetansehevingspakker personalet gjennomfører. Det har mellom anna vore fokus på lesing for barn, og dei mange

måtane ein kan lese ei bok på saman. Barnehagane har også etablert lesegrupper. Vi har også jobba saman med skulen om å utarbeid ein plan for overgang frå barnehage til skule som også inneheld fokus på språk og språkutvikling.

Pedagogisk bruk av IKT

I rammeplanen 2017 er det tydelege føringar på utvikling av barn sin digitale kompetanse. Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til barna sin lek, kreativitet og læring. Personalet i barnehagen skal vera aktive saman med barna når digitale verktøy er i bruk.

Kjelde: R17

Frå hausten 2019 vil kvar barnehage ha ei digital tavle med pedagogisk innhald tilpassa barnehagen. Dei tilsette vil ha kvar sitt læringsbrett til bruk i det pedagogiske arbeidet saman med barna.

Trafikksikker kommune

Kviteseid kommune jobbar etter Trygg Trafikk sine kriterier for trafikksikker kommune.

Mål: Vi skal bidra til å gje barn gode haldningar til åtfærd i trafikken.

Tema trafikktryggleik er ein del av fagområdet *Nærmiljø og samfunn*. På denne måten er trafikkopplæring ein integrert del av omsorgs- og opplæringsarbeidet i barnehagane. Barna lærer om trafikkreglar og korleis dei skal forstå trafikkbiletet når dei er på ulike turar. Dei lærar også om bruk av bilbelte, hjelm og refleks.

Trafikktryggleik er tema på foreldremøte. Mellom anna er barnehagen opptatt av trafikktryggleik i samband med vegen til og frå barnehagen.



Språkløyper

Kunst, kultur, kreativitet

LEIK

Sosial kompetanse

Mengd, rom og form

I dette barnehageåret skal gruppene Rådyr og Elg ha fokus på forteljinga om Gruffalo. Gruffalo er eit lite monster med ulike særtrekk som; *hoggtenner fæle, knoklete knær, klørne ute* osv. historien om Gruffalo går på rim/enderim, det er og laga ein song om monsteret. Boka Gruffalo er skrive av? Vi har fokus på desse fagområda gjennom arbeidet; kommunikasjon, språk og tekst, kunst, kultur og kreativitet og kropp, rørsle, mat og helse.

Slik vil vi arbeide med Gruffalo:

Månad	Alder	Kva skal barna oppleve	Korleis skal personalet arbeide
O K T O B E R	3-4 år	Dei skal bli kjent med eventyret gjennom høgtlesing.	Vi har lesegrupper med om lag 5 barn i kvar gruppe. Målet er at dei skal bli kjent med dei ulike karakterane i boka.
	5 år	Dei skal bli kjent med eventyret gjennom høgtlesing.	Når barna har blitt kjende med dei ulike karakterane i boka, skal vi ha fokus på attfortelling og enderim.
J A N U A R	3-4 år	Vi dramatiserar forteljinga om Gruffalo	Dei vaksne skal tilrettelegge med scene og karakterar frå Gruffalo.
	5-6 år	Vi lagar film om Gruffalo. Barna skal lage film ved hjelp av karakterane i boka, og legge lyd til	Dei vaksne skal tilrettelegge for filmskaping. Gje barna tilgang til nettbrett, slik at dei kan filme. OSV
F E B R U A R	3-4 år	Vi førebur oss til karneval. Kvar enkelt barn vel seg ein karakter dei vil kle seg ut som på karneval. Dei kan velje mellom; Gruffalo, lille brune mus, reven, uglå og slangen.	Vi lagar karnevalmasker til karneval.
	5-6 år	Vi førebur oss til karneval. Kvar enkelt barn vel seg ein karakter dei vil kle seg ut som på karneval. Dei kan velje mellom; Gruffalo, lille brune mus, reven, uglå og slangen.	Vi lagar karnevalmasker til karneval, og bakar «Gruffalolabbar» med « <i>klørne ute</i> »□



Hvem skal trøste Knøttet?

Fivrell skal dette barnehageåret arbeide med historia “Hvem skal trøste Knøttet?” av Tove Jansson. Den har eit tema som enkelt kan knytast til sosial kompetanse og Kviteseid kommunes satsing “Inkluderande barnehage- og skulemiljø”. Knøttet har kjensler som er relevante og nære for både barn og vaksne, og han møter på utfordrande situasjonar.

Knøttet, Nurket og Hufsa er karakterane vi skal sjå mest på. Dei og historia deira vil vere sentrale i samlingar, forming, ute, og generelt i barnehagekvardagen. Detaljar og konkretar som kan knytast til historia vil ofte dukke opp. Vi vil vere kreative i måtar å gjere historia “levende”, og vi skal vere merksame på barnas uttrykk og innspel til arbeidet.



Mat og måltider

Måltidene i barnehagen er ein viktig del av kvardagen i barnehagen og barnas totale kosthald, utvikling og helse. Barnehagane har eit medansvar for at barn får i seg riktig mat og å lære barna gode matvanar. Barnehagane i Kviteseid kommune følgjer difor helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen.

Barnehagen serverer tre måltid om dagen (frukost, lunsj og ettermiddagsmat). Ved lunsj og ettermiddagsmåltidene er det alltid grovt brød, fisk og kjøttprodukt, meieriprodukt, grønnsaker, frukt og bær på bordet. Det serverast mjølk og vatn til alle måltidene. Barnehagane har fokus på eit variert tilbod som sikrar at barna får smake ulik mat, og dermed kan lære å like fleire forskjellige smaker, lukter og konsistensar. Barnehagen har gode rutinar for handvask før og etter måltidene og toalettbesøk.

Personalet tek aktivt del i måltidet gjennom samspel med barna, sitte saman og dersom mogleg ete saman med barna. Måltida har, i tillegg til å skulle gje barna energi og næringsstoff, stor betyding som sosial og kulturell arena. I barnehagekvardagen er måltidet som sosial arena viktig for møtet mellom barn og mellom barn og vaksen. Måltidet gjev ei strukturert ramme for samspel, deltaking og dialog, og er viktig for fellesskapet og for å skape trivsel. Personalet er viktige rollemodellar, og barna lærer av kva dei gjer og korleis ein skal vera saman rundt eit matbord

Kjelde: Retningslinjer for mat i barnehagen, Helsedirektoratet



Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehagelova §1).

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. For å få til det, prøver vi å få så god kontakt med heimen som mogeleg. At personale og foreldre

møter kvarandre, snakkar saman og ser på samarbeid som viktig, er ein grunnleggjande føresetnad. Vi ynskjer at foreldra skal bli godt kjende med oss, og få tillit til oss i barnehagen. Det er viktig at foreldra veit korleis barna har det i barnehagen, slik at dei kan vera trygge for barna den tida dei er her. Den viktigaste kontakten skjer dagleg ved levering og henting.

Vi vil ha 1-2 foreldremøte og 1-2 foreldresamtaler i løpet av året.

På foreldremøta blir mellom anna barnehagens innhald og planar diskutert. Det blir forventat at dei som har barn i barnehagen møter på desse møta. Det er viktig slik at personalet og foreldra saman kan finne ut kva som er det beste tilbodet til barna. Møta kan òg bli bruka til å ta opp diverse tema. Kom gjerne med ynskjer!

Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane i Kviteseid har samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Der har vi FSB -møter (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen) 4 gongar i året. I desse møta kan vi drøfte barn med problem eller vanskar, etter samtykke til dette frå føresette. Ved vidare vanskar kan vi melder saka til PPT i samarbeid med føresette. PPT utreiar vanskar og arbeidet munnar ut i ei sakkunnig vurdering. PPT gjev også råd og rettleiing til personalet og føresette.

Helsestasjonen samarbeider vi m.a. med ved at vi har ulike kartleggingsverktøy for barna. Mange av desse er knytt til språk og språkutvikling. Helsestasjon har t.d. «Språk 4», medan barnehagen har «TRAS» og «KoPS». Barnehagen og Helsestasjon kan samarbeide seg i mellom etter samtykke frå føresette.

Kviteseid kommune har spesialpedagog for barnehagane i til saman 110 % stilling. Spesialpedagogane har ansvar for å fylgje opp barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp. I tillegg kan spesialpedagogane jobbe førebyggjande med enkeltbarn eller barnegrupper.

Barnevernet kan og hjelpe barnehagen og heimen ved behov.

Overgangar

Tilvenning i barnehagen

Når eit barn byrjar i barnehagen er det ein stor forandring i barnets liv. Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent. Tilvenjingsperioden har tre faser. Den fyrste fasen er å venje barnet til det nye

miljøet i barnehagen. Den andre fasen er at barnet blir godt kjent med dei tilsette, slik at dei kan fungere som ein omsorgsperson når foreldra ikkje er tilstade. Den tredje fasen er å venje barnet til å vera utan foreldra over lengre tid og heller søkje omsorg hjå oss i barnehagen.

Overgang mellom avdelingar

Når eit barn byter barnegruppe skal personalet sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale. Dette skjer gjennom heile barnehageåret men hovudsakleg på våren og sommaren før nytt barnehageår. Vi har fokus på at dei minste besøkjer seg og deltek i måltid på Svintøks. I vekene før og etter ferien er avdelingane felles gjennom heile dagen.

Overgang barnehage - skule

Barnehagane har i samarbeid med skulen utarbeida ein eigen plan for overgang skule jf. Opplæringslova § 13-5 og Barnehagelova § 2a. Denne finn du på heimesidene til kommunen.



Tradisjonar og høgtider :

<u>Månad</u>	<u>Dag</u>	<u>Aktivitet</u>
<u>September</u>	<u>Veke 38</u> <u>Onsdag 18.</u>	<u>Brannvernveke.</u> <u>Foreldremøte kl. 18.00</u>
<u>Oktober</u>		
<u>November</u>	<u>1.November</u> <u>21.November</u>	<u>Planleggingsdag-barnehagen er</u> <u>stengt</u> <u>Foreldrekafe- inntekt Forut</u>
<u>Desember</u>	<u>Fredag 13.</u> <u>Torsdag 19.</u> <u>Måndag 23.</u>	<u>Jol / joleførebuing</u> <u>Lucia frukost med foreldre kl. 8.00-</u> <u>9.30</u> <u>Nissefest / grautfest for barna.</u> <u>Siste barnehagedag før jol.</u>
<u>Januar</u>	<u>Torsdag 2.</u>	<u>Planleggingsdag – barnehagen er</u> <u>stengt.</u>
<u>Februar</u>	<u>Torsdag 6.</u>	<u>Samefolkets dag.</u> <u>Karneval.</u>
<u>Mars</u>		<u>Barnehagedagen.</u> <u>Felles foreldremøte</u>
<u>April</u>	<u>Fredag 3.</u>	<u>Siste barnehagedag før påske</u>
<u>Mai</u>	<u>Fredag 15.</u> <u>Fredag 22.</u>	<u>Markere 17. mai i barnehagen.</u> <u>Planleggingsdag- barnehagen er</u> <u>stengt.</u> <u>Dugnad- foreldrekafe(dato ikkje</u> <u>fastsett)</u>
<u>Juni</u>		<u>Sommarfest</u>
<u>Juli</u>	<u>Veke 29 og 30</u>	<u>Ferie –Barnehagen er stengt</u>



Barnehageruta for 2019/2020

Planleggingsdagar for barnehagane 2019-2020

August	Torsdag 15. og fredag 16. august
November	Fredag 1. november
Januar	Torsdag 2. januar
Mai	Fredag 22. mai

Kontaktinformasjon

Kviteseid barnehage

Skulevegen 11

3850 Kviteseid

Tlf. 35055310

e-post.eva.lundeberg@kviteseid.kommune.no